

Samferdselsdepartementet
postboks 8010 Dep
0030 OSLODato: 05.04.2017
Vår ref.: 2016/9963-14
Saksbehandlar: rolrose
Dykkar ref.:

Ruteløye for privat ferjedrift

Sunnhordland Ferjerederi A/S u/s (SFUS) har søkt om ruteløye for privat ferjedrift mellom Sunde i Kvinnherad kommune og Jektevik i Stord kommune. Fylkesrådmannen la fram sak for fylkesutvalet den 30. mars 2017 med negativ tilråding. Saksframlegget følger vedlagt. Fylkesutvalet utsette saka til eit seinare møte, og grunngav utsetjinga med at ein ynskte meir informasjon om praktisering av regelverket. Bakgrunnen for dette er den korrespondansen som var mellom departementet og Forsand kommune om privat ferjedrift over Høgsfjorden.

I ein e-post frå departementet til Forsand kommune, dagsett 27.05.2015, heiter det at det ikkje er heimel for å nekta å tildela ruteløye for privat ferjedrift over Høgsfjorden. SFUS har ut frå dette lagt til grunn at fylkeskommunen ikkje kan nekta å tildela ruteløye for deira ferjekonsept mellom Kvinnherad og Stord.

Om søknaden og tilhøve som fylkesrådmannen har lagt vekt på i saksutgreiinga.

I løyvesøknaden vert det lagt opp til drift av to ferjer mellom no nedlagte Sunde ferjekai og Jektevik ferjekai. Sunde ferjekai er no beredskapskai og snøggbåtkai. Kaien er i tillegg fullt utnytta som innfartsparkering til snøggbåten. Jektevik kai er nytta i sambandet Jektevik-Nordhuglo-Hodnaneset.

Før Halsnøysambandet (bompengeprojekt med undersjøisk tunnel) vart opna i 2008 gjekk ferjesambandet mellom Sunde-Ranavik-Skjersholmane. Det var ein føresetnad for realisering av Halsnøysambandet at ferjesambandet vart flytta til Ranavik-Skjersholmane. På den måten fekk bompengeprojektet inntekter av all trafikken mellom Kvinnherad og Stord. Sambandet vert i dag trafikert med to ferjer. Det er nyleg inngått ein ny avtale om drifta av dette sambandet som inngår i ein større anbodspakke. Den nye avtalen inneber ei radikal endring i driftsforma til elektrisk drift. Ei omlegging som for fylkeskommunen sin del gjev ein auka årleg kostnad på 100 mill kr frå 2020 for denne anbodspakken.

I vurderinga av søknaden la fylkesrådmannen stor vekt på at det i finansieringa av Halsnøysambandet var lagt til grunn at ferjesambandet skulle leggjast om, slik at ein fanga opp all trafikken mellom Kvinnherad og Stord. Endringar i denne føresetnaden vil gå ut over bompengainnkrevinga. Hordaland fylkeskommune har stilt sjølvskyldnargaranti for lån som Fastlandssamband Halsnøy AS har teke opp.

Fylkesrådmannen la og vekt på bruken av ferjekaiane. Sunde kai er i dag fullt ut nytta til innfartsparkering for snøggbåtruta i Sunnhordland. Kaien er beredskapskai, og såleis teknisk inntakt. Det let seg likevel ikkje gjera å nytta kaien som ferjekai samstundes som det er innfartsparkering på oppstillingsområdet. Jektevik ferjekai vert nytta i det eksisterande sambandet mellom Stord og Tysnes. Det er ikkje mogeleg å leggja eit nytt samband inn på denne ferjekaiene utan utviding av oppstillingsområdet.

Dersom SFSU skulle få tildelt ruteløyve, og koma i gong med drifta, så vil det svekka økonomien i det fylkeskommunale sambandet Ranavik-Skjersholmane, det vil føra til eit vesentleg inntektsbortfall i bompengeprosjektet Halsnøysambandet, det vil utelukka innfartsparkering på Sunde kai og det vil kreva utviding av Jektevik kai. Når yrkestransportlova §7 i tillegg krev at tildeling av ruteløyve skal behovsprøvast så meiner fylkesrådmannen at innstillinga om å avslå søknaden er godt grunngjeven.

Vårt spørsmål til departementet er om ikkje yrkestransportlova sine bestemmelsar, samt dei andre implikasjonane i saka som det er peika på i brevet, tilseier at avgjerdsmynde i denne saka ligg til det fylkespolitiske nivået.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.